

Program for **Suldal** **Venstre**

for perioden 2011-2015

4000 innan 4 år!



www.venstre.no/rogaland/suldal

venstre

Folk først

Venstre er eit sosialliberalt parti. Dette vil seia at me er eit parti som set fokus på menneske framfor system, og på same tid solidaritet framfor egoisme.



Kvar ein skild av oss skal bli sett og respektert for den me er, ikkje bli forma inn i eit på førehand tenkt system.

Ulike menneske treng ulike løysingar for å ha eit godt liv. Venstre tenkjer FOLK FØRST!

Den største utfordringa til Suldal er folketalsutviklinga. Suldal Venstre ynskjer at folketalet i kommunen skal auka, og dette skal synast igjen i politikken vår.

Me har sett oss følgjande mål:
4000 innan 4 år!

Barnehage og skule

Alle skulekrinsane i Suldal skal ha ein skule og ein barnehage som skal gje ungane våre eit godt oppvekstilbod tufta på det beste i Suldal sin kultur og tradisjon.

Suldal Venstre vil:

- ha barnehagar og skular i kvar grend, med god plass
- stimulera til eit fruktbart samarbeid mellom ungdomsskule og vidaregåande skule
- at det framleis skal satsast på gode ordningar for vidareutdanning av pedagogisk personale



- arbeida for etablering av høgskuletilbod innan idrett
- styrkja samarbeidet mellom heim/skule og organisasjonar som driv med rusførebyggjande tiltak

Helse og omsorg

Venstre vil syta for at alle som har behov for omsorg og støtte skal få eit godt tilbod der brukaren er i fokus.

Suldal Venstre vil:

- arbeida for at omsorgstilbodet i kommunen skal utviklast slik at brukaren kan bu i eigen bustad så lenge som han ynskjer
- at den ambulerande vaktmeistertenesta i kommunen skal utviklast, gjerne i samarbeid

med frivillige lag og foreiningar, slik at det vert ei trygg og tenleg ordning for dei som vil og kan bu heime

- arbeida for at ein får høve til å gå til reguleringsstannlege i kommunen
- ha eit førebyggjande tilbod for personar i vanskelege livssituasjonar
- at den gode, varme velferda ved alders- og omsorgsheimane skal halda fram
- arbeida for at skulane har nok ressursar slik at elevar som slit, får nok hjelp
- at integreringsarbeidet i kommunen skal vere tufta på god, fagleg kompetanse

Næringsutvikling

Suldal kommune er avhengig av eit vitalt næringsliv, på same måte som det lokale næringslivet er avhengig av Suldal kommune som ein stor aktør. Difor er eit samarbeid avgjerande for å lukkast både for utvikling av næringslivet og for å få løyst kommunale oppgåver.



Primærnæringane, bergverksindustrien og Suldal som turist- og hyttekommune er viktige fundament for all næringsaktivitet i Suldal. Desse ressursane må vidareutviklast til det beste for innbyggjarane, kommunen og næringa sjølv. Sjøområda våre har mykje å seia for matproduksjonen, og havbruksnæringa er ein viktig arbeidsplass.

Suldal Venstre vil:

- leggja til rette for næringsshagar og attraktive næringsareal i alle grender
- arbeida for ei ordning som sikrar at kommunale innkjøp kjem lokale aktørar for øyra
- at det skal arbeidast aktivt for å få lokalisert nye statlege arbeidsplassar til kommunen
- at ein i samarbeid med NAV får til fleire verna arbeidsplassar i kommunen
- arbeida for at måla og intensjonane i den kommunale landbruksplanen vert realiserte
- at Suldal Vekst skal vera ein sterk og solid næringsutviklar med eit breitt engasjement

- at næringsfonda skal brukast aktivt og vera eit middel for å støtta nytenkjing og eit variert næringsliv i heile kommunen
- stø opp om dei som ønskjer å utvikla havbruksnæringa og gjera denne meir framtidretta og miljøvenleg

Miljø

Venstre skal vera ein miljøpådrivar i kommunen og vera med å stimulera til alternative energikjelder og meir miljømessig bruk av ressursane i kommunen vår.

Suldal Venstre vil:

- at Suldal kommune i større grad skal ta i bruk alternative energikjelder og leggja vekt på dette ved nybygg, ombygging og tilretteleggjing av nye bustadfelt.
- sikra at det ved utbygging av hyttefelt eller hytteområde vert teke tilstrekkeleg omsyn til miljø, kulturhistorie og tradisjonelt friluftsliv
- vera særst restriktive med å la hyttebygging trengja lenger inn i villreinen sitt leveområde. Villreinen er av stor nasjonal og internasjonalt verdi.
- at det i all vasskraftutbygging skal vera sett av nok midlar til etterarbeid og oppussing.
- styrkja Suldal Elverk si rolle som aktør i utbygging av breiband og småkraftverk
- arbeida for at nye eller utskifte straumlinjer i størst mogleg grad skal leggjast i bakken



- at Suldal kommune skal vidareføra den restriktive linja når det gjeld motorisert ferdsel i utmark
- ha miljøstasjonar i alle grender
- arbeida for å sikra at Suldalslågen framleis skal vera ei god, sunn lakseelv. Suldalslågen er ein svært viktig naturressurs og ein viktig identitetsskapar for kommunen.
- styrkja arbeidet med skogrydding langs vegane



Kommunikasjonar og infrastruktur

Gode kommunikasjonar er avgjerande for å skapa livskraftige grender og eit sterkt kommunesentrum. For at Suldal skal vera ein attraktiv kommune å bu i, må me ha eit svært godt tilbod når det gjeld kommunikasjonar og infrastruktur.

Suldal Venstre vil:

- at om det ikkje eksisterer reguleringsplanar for dei viktigaste riksveg- og fylkesvegstrekningar som må utbetrast, bør Suldal kommune laga slike, slik at planar er klare når midlar ligg føre
- arbeida for gul midtstripe på alle hovudvegane gjennom kommunen
- prioritera ny og utbetra FV 681 med gul stripe fram til Hebnæs ferjekai
- arbeida for at kommunen, i samarbeid med grendene, forserar utbyggjinga av gang- og

sykkelvegane med gateløys på trafikkarlege stader, som til dømes frå Steine til Veka

- arbeida for at kommunen skal utnytta det potensialet som ligg i Nasjonal Turistveg, med knoppskyting og vidareutvikling for næringslivet i Suldal som mål
- at Suldal kommune skal vera ein pådrivar i realiseringa av Haukelibanen
- arbeida for å få midlar til å utbetra utsette rasstrekningar i regionen
- arbeida for ei vidareføring av breibandutbyggjinga
- arbeida for eit system der ungdom for ein rimeleg penge kan komma seg til og frå stadar dei samlast
- arbeida for at det vert oppretthalde eit godt kollektivtilbod ut og inn av kommunen når Sandsfjord bru er ferdigstilt

Bustadbygging

Suldal Venstre vil arbeida for eit mangfaldig bustadtilbod i kommunen. Suldal kommune skal vera ein kommune som folk vil flytta til. Det skal leggjast til rette for at folk som har sitt arbeid i ein annan kommune, kan bu i Suldal.

Suldal Venstre vil:

- arbeida for attraktive og byggjeklare tomter i alle grender
- arbeida for at det kjem på plass ei god over-

sikt over bustadar/husvære til sals eller leige i kommunen

- medverka til at rimelege husvære med livsløpstandard for til dømes unge i etableringsfasen, eldre og flyktningar blir realiserte i alle grendesentra. Slike husvære kan vera anten sjølveigande eller utleigeobjekt
- arbeida for eigen tilskotsordning til rehabilitering og tilbakeføring av eldre hus med kulturhistorisk verdi

Kultur og kyrkje

I Suldal vil me ha eit grande og pulserande kulturliv som gjer livet godt å leva! Dei frivillige lag og organisasjonar er ein viktig del av dette.

Suldal Venstre vil:

- arbeida for at det blir oppretta ei prøveordning med kulturkort for unge og eldre der skyss er inkludert
- arbeida for at eit regionalt idrettssenter skal veksa fram på Eide, og at ein symjehall er ein naturleg del av dette
- arbeida for ei vidareføring av ordninga med distriktsmusikarar
- arbeida aktivt for å styrkja nynorsken sin plass i Suldal og Ryfylke
- stø opp om arbeidet med å realisera eit nasjonalt senter for nynorsk barnekultur lokalisert til Suldal, og helst som ein del av



Ryfylkemuseet sin aktivitet.

- stø opp om det gode arbeidet som frivillige lag og organisasjonar driv
- sikra ei 100% diakonstilling i kommunen
- arbeida for at kyrkjer og kapell i kommunen blir tilrettelagde for alle

Organisering av kommunen og arbeidet til dei folkevalde

Suldal Venstre er oppteken av det skal vera kort veg mellom den som vel og den som blir vald. Alle gruppemøte i Venstre skal vere opne. Venstre sine folkevalde har særleg ansvar for å vera talerøyr for dei som ikkje når så lett fram i det kommunale systemet.

Suldal Venstre vil:

- arbeida for at kommunale ombod blir fordelte på fleire slik at kommunestyret blir den dominerande arena for maktutøving
- ha ein gjennomgang av oppgåvefordelinga mellom folkevalde fora og administrasjonen

i kommunen

- arbeida for at vilkåra blir slik at eit mangfald av innbyggjarane har høve til å delta i folkevald arbeid
- arbeida for røysterett for 16-åringar
- styrkja grendeutvala til dømes med felles sekretærfunksjon
- ikkje arbeida for ein storkommune i Ryfylke, men vera opne for samarbeid med nabo-kommunar om dette gjev betre tenester til innbyggjarane
- at ei endring av kommunestruktur først kan skje etter ei folkerøysting

Våre kandidatar



1. **Eskil Nerheim** (33)
Lærer,
Suldalsosen



2. **Nina Østebø** (41)
Sjølvstendig næringsdrivande,
Ropeidhalvøya

3. **Linda Hatlevoll Dahle** (36), Sand
4. **Dag Fisketjøn** (34), Suldalsosen
5. **Anne Hiim** (58), Sand
6. **Oddbjørg Lovra** (49), Erfjord
7. **Leo Natland** (74), Erfjord
8. **Olav E Nerheim** (63), Sand
9. **Børge Skeie** (78), Erfjord
10. **Olav Martin Skaar** (60), Nesflaten
11. **Tina Sparchholz** (43), Sand
12. **Ragnhild Sukka** (37), Suldalsosen
13. **John Svoldal** (65), Suldalsosen
14. **Bjarne Emil Torsteinbø** (59), Hebnes
15. **Erik Walter Vold** (40), Suldalsosen
16. **Nils Bjarne Vold** (58), Suldalsosen



venstre

www.suldal.venstre.no